

Velkommen til oss!



Korttidsopphald ved Balestrand helsetun

Eit korttidsopphald er for deg som treng ekstra tett oppfølging ved forverring av helsetilstand, der det er vurdert som ikkje forsvarleg å gi oppfølginga i eigen heim.

Om korttidsavdelinga

Me skal gjere vårt beste for at du skal finne deg til rette på avdelinga. Me har mange dyktige tilsette som du vil bli kjent med under opphaldet.

Eit opphald hjå oss varar ofte frå ei til tre veker, vurdert etter behovet til den enkelte. Under opphaldet vil du få behandling tilpassa dine behov.

Målet for dei fleste er å kunne flytte heim igjen. Kommunen har mange tenester som kan bidra til at du kan bu heime, til dømes dagsenter, matombringning, tryggleiksalarm, bustadtilrettelegging og kvardagsrehabilitering. Snakk gjerne med oss om kva som kan passe for deg.

Oppfølging

Tilsynslege er på avdelinga 1 dag i veka. Tilsette kontaktar elles lege ved akutte behov.

Det blir tilvist til fysioterapeut, ergoterapeut og/eller logoped dersom du har behov for oppfølging. Tenestene er tilgjengeleg på dagtid måndag – fredag.

Tilsette på avdelinga kan ikkje følgje deg til/frå andre avtalte timar (lege, tannlege og liknande).

Aktivitetar

- Bingo: kvar onsdag kl. 11:30
- Song og musikk: torsdag kl.11:30
- Gruppetrening med fysioterapeut: måndag kl.11:00
- Felles song, musikk, andakt vert annonsert i avdeling
- Personalet kan bistå med å bestille time hjå frisør og fotterapeut

Tips til opphaldet



For å sikre godt utbytte av opphaldet er det viktig at du deltek aktivt i å setje deg mål og gjer ein eigeninnsats for å nå desse, som å trene på daglege oppgåver som påkledning, stell og å bevege deg.



Det er trådløst internett på bygget. Tilsette kan hjelpe med pålogging. Du kan sjå TV i fellesstove.



Me tilbyr dessverre ikke vask av private klede. Dersom du ikkje har pårørende som kan vaske klede dine, ta kontakt med personalet. Du må sjølv ta ansvar for verdisaker du tar med deg til avdelinga.



Besøk på avdelinga bør finna stad på rommet, i hall ved trapper eller kantine i 1.etasje. Unngå fellesarealet i avdelinga av omsyn til andre bebuarar.



Me ønskjer at du oppgjev ein hovudpårørende som tilsette kan ha kontakt med, for å sikre trygg og god kommunikasjon.



Måltider ved avdelinga: Frukost mellom kl.08-10 (individuellt tiplassa), lunsj kl. 12:30, middag kl. 15:30 og kveldsmat frå kl. 19.



Det er lurt å ta med seg:

- Medisinar, hjelpemiddel og utstyr du nyttar i kvardagen elles.
- Stødige sko, og klede som du kan bevege deg i.
- Mobiltelefon og tolettsaker.



Betaling

Du betalar per døgn. Faktura blir send på etterskot til digital postkasse/ folkeregistrert adresse.

Transport

Ved utreise til eigen heim må du sjølv betale for drosje, så ha kontantar/bankkort tilgjengeleg. Kontakt Pasientreiser for å søkje om refusjon. Gi beskjed om transport blir teke hand om av pårørande.

Dokumentasjon og samtykke

Opplysningar om deg blir lagde inn i eit pasientjournalsystem. Kommunen treng ditt samtykke for å gi helsehjelp.

Treng du meir informasjon?

Spør personalet i avdelinga om du har praktiske spørsmål om avdelinga. Kontakt avdelingsleiar for andre spørsmål eller tilbakemeldingar (på dagtid).

- Telefon avdeling: 47 48 38 05 / 47 48 25 15
- Telefon avdelingsleiar: 90 29 62 94

Ved spørsmål om tildeling av tenester og vedtak ta kontakt med tildelingskontoret:

- Telefon: 40 02 29 70
- 